



Odda kommune
Opheimsgata 31
5750 ODDA

Dato: 25.07.2018
Vår ref.: 2018/12994-6
Saksbehandlar: eveaul
Dykkar ref.:

Att. Langeland, Anton

Svar på søknad om tilskot til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan

Det vert vist til dykker søker om tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar. Innan fristen den 1. mai 2018 var det mottatt tre søker. Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU) gjorde i møte 5. juni 2018 (i sak PS 27/2018) vedtak om følgjande tildeling fra tilskotsordninga:

1. Askøy kommune får tildelt tilskot på kr. 130.000 til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan.
2. Ulvik herad får tildelt tilskot på kr. 200.000 kr til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan.

Møteprotokoll og saksframlegg til sak PS 27/2018 finn ein her:

<http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?meetingId=703>

Om handsaminga

Odda kommune fekk ikkje tildelt midlar frå tilskotsordninga i 2018. Grunngjevinga finn de i fylkesrådmannen sine kommentarar i saksutgreiinga:

«I gjeldande kommunal planstrategi for Odda kommune (2016-2019) er revisjon av trafikksikringsplanen sett til 2017-2018. Odda kommune sökte i 2016 om 400.000 kr i tilskot frå FTU-ordninga til revisjon av trafikksikringsplanen, og vart tildelt 175.000 kr i møte 27. april (politisk sak 16/2016). Revidert trafikksikringsplan er ikkje ferdigstilt, og det er usikkert kva som er status for arbeidet. Kommunen søker her om tilskot til ein skiltplan. Tilskotsordninga er retta mot utarbeiding av trafikksikringsplanar, og søkeren er såleis ikkje i tråd med føremålet til ordninga. Ein godkjent skiltplan for Odda sentrum vil innebera at ein kan handheva trafikk og parkering betre enn i dag, noko som vil vera positivt for trafikktryggleiken i området. Likevel er ein skiltplan noko heilt anna enn ein plan som ser på heilskapen i det kommunale trafikksikringsarbeidet – frå fysiske til organisatoriske og haldningsskapande tiltak på tvers av den kommunale verksemda. Når det i tillegg allereie er utbetalt eit fylkeskommunalt tilskot til revisjon av trafikksikringsplanen, vil fylkesrådmannen rå til at Odda kommune *ikkje vert tildelt midlar til utarbeiding av skiltplan.*»

Fylkesrådmannen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt i fylkestrafikksikringsutvalet.

Om tilskotsordninga

Det er eit ynske hjå fylkeskommunen at alle kommunane i Hordaland til ei kvar tid har oppdaterte trafikksikringsplanar der det går fram kva for utfordringar kommunen har på trafikksikringsområdet gjennom ulykkesstatistikk og kartleggingsarbeid, saman med konkrete forslag til korleis arbeidet skal følgjast opp både gjennom fysiske og trafikantretta tiltak, så vel som organisatoriske tiltak.

I handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017 vart det sett at eigne midlar til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar. Satsinga på tilskotsordninga er vidareført i 2018.

Oppfølging av tidlegare tildeling

Som nemnt i saksutgreiinga (sjå utdrag ovanfor) vart Odda kommune i 2016 tildelt 175.000 kr i tilskot. Det kjem tydeleg fram av vedtak og orientering om vedtaket tilsendt kommunen, at midlane skal nyttast til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan. På spørsmål frå fylkeskommunen stadfestar Odda kommune v/ Anton Langeland i svar dagsett 22. mai 2018 at desse midlane har vore nyttet til *kartlegging av skilt med og utan vedtak, samt trafikkanalyse*. Me kan ikkje sjå at desse midlane har vore nyttet etter intensjonen i fylkestrafikksikringsutvalet sitt vedtak av 27. april 2016. Me vil oppmoda kommunen om å starta opp arbeidet med revisjon av gjeldande trafikksikringsplan. Ved spørsmål ber me om at de tar kontakt.

John Martin Jacobsen
sekjonsleiar

Even Vaular

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

- 1 Revisjon av trafikksikringsplan for Odda kommune - spørsmål og svar om status
- 2 Svar på søknad om tilskot til kommunal trafikksikringsplan 2016